



Innkalling av Alver formannskap

Møtedato: 10.02.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 09:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl. 09:00 Generalforsamling Knarvik Industri og Miljø AS og KIM Eigedom AS

Sakliste

Saknr	Tittel
004/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/22	Godkjenning av møteprotokoll frå 02.12.2021 og 26.01.2022
006/22	Flytting av budsjettmidlar (investering) fra 2021 til 2022
007/22	Avtale med Austrheim kommune, levering av drikkevatt og reservevassforsyning.
008/22	Miljøløftet - Ny strategi for innfartsparkering
009/22	Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2023 - 2026
010/22	Sjølvkostgrunnlag - gebyr plansaker
011/22	Gebyr og betalingsatsar for 2022 - endring i forskrift vedtatt 16.12.2021
012/22	Frådeling av grunn til privat naust frå gbnr 310/3
013/22	Godkjenning av prosjektmandat Ostereidet kunstgras
014/22	Framlegg til investeringsprosjekt - Rehabilitering av tak - Manger - Solhall, søndre del
015/22	Reglement for styring av investeringsprosjekt
016/22	Innkjøpsstrategi Alver kommune
017/22	Debattheft 2022 – På samme lag
018/22	Strøyming av møte i politiske styringsgrupper
019/22	Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune
020/22	Melding/orientering til formannskapet 10.02.2022
021/22	Makebyte og leige - kai 4 u.off.

3. februar 2022

Sara Hamre Sekkingstad
ordfører

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/22	Alver formannskap	10.02.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 18.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/22	Alver formannskap	10.02.2022

Godkjenning av møteprotokoll frå 02.12.2021 og 26.01.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

03.12.2021	Protokoll - Alver formannskap - 02.12.2021	1653992
03.02.2022	Protokoll FO 26.01.2022	1685706

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-145
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Flytting av budsjettmidlar (investering) fra 2021 til 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Unytta investeringsmidlar i 2021 på 117,2 mill. kr vert flytta til budsjett 2022 i samsvar med tabellen i saksutgreiinga. Auken vert finansiert av unytta lånemidlar 103,1 mill. kr og momskompensasjon med 14,1 mill. kr.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksopplysningar:

På fleire investeringsprosjekt har det i 2021 vore lågare framdrift enn budsjettet.

Totalt viser investeringsrekneskapen på dei aktuelle prosjekta (pt. ikkje revidert av revisor) for 2021 at det er påløpt netto 237 mill. kr i ordinære investeringar mot budsjettet 369 mill. kr, eit mindreforbruk på 132,1 mill. kr. Sjå tabellen under. Merk at prosjekt som ikkje har endringsframlegg, heller ikkje er med i tabellen.

For at dei aktuelle prosjekta skal verte gjennomført i samsvar med vedtak, gjer rådmannen framlegg om å flytte ein stor del av dei unytta midlane frå 2021 til budsjett 2022. Til saman vert 117,2 mill. kr forslått overført til 2022.

Dette kjem i tillegg til reduksjonen av budsjettet gjort i tertialrapporten for 2. tertial 2021, der investeringsbudsjettet vart redusert med 80,1 mill. kr for overføring til 2022. Denne framdriftsjusteringa er imidlertid inkludert i rådmannen sitt budsjettframlegget for 2022, slik at det ikkje er trong for å justere for dette i 2022 no.

Effekt på rente- og avdragskostnader i driftsbudsjettet for 2022 som følgje av endra prosjektframdrift vert kommentert og vurdert i samband med 1. tertialrapport for 2022, saman med eventuell budsjettjustering som følgje av dette.

Investeringer 2021 - framlegg til overføring av budsjettmidlar til 2022				
Prosjekt	Netto utgifter	Rev. budsj 2021	Avvik budsjett	Overf. til 2022
0 SUM PROSJEKT MED OVERF. AV BUDSJETT FRÅ 2021 TIL 2022	237 190 828	369 337 250	132 146 422	117 205 000
12 IKT OG ADMINISTRASJON	1 256 893	3 575 000	2 318 108	2 200 000
12003 IKT DIVERSE DIREKTE INVESTERT KOMMUNEN	-	625 000	625 000	600 000
12007 IKT PROSJEKT VIA IKTNH	647 043	1 000 000	352 957	300 000
12009 UTBYGGING AV TRÅLØSE NETT	412 850	1 450 000	1 037 151	1 000 000
12012 DIGITALT KARTVERK	197 000	500 000	303 000	300 000
13 ADMINISTRASJONSBYGG	2 018 848	2 210 000	191 152	190 000
13007 UTSTYR HELSEHUS NHLV, FYSIO OG LEGETENEST	2 018 848	2 210 000	191 152	190 000
21 BARNEHAGEBYGG	2 428 063	4 400 000	1 971 937	1 960 000
21002 Bø Barnehage	609 137	2 000 000	1 390 863	1 380 000
21005 INVESTERING BARNEHAGEBYGG	659 498	1 000 000	340 503	340 000
21008 SOLHALL OPPGRADERING	1 159 429	1 400 000	240 571	240 000
22 SKULEBYGG	141 140 559	165 560 000	24 419 441	10 230 000
22001 NY ALVERSDUN BARNESKULE INKL HALL OG INFF	138 036 436	159 000 000	20 963 564	6 800 000
22002 KNARVIK BARNESKULE INKL HALL	100 000	2 000 000	1 900 000	1 900 000
22004 Eikanger skule - Trafikksikring	228 743	400 000	171 257	170 000
22008 LEIKEPLASSUTSTYR	411 039	500 000	88 961	80 000
22009 INVESTERING SKULEBYGG	2 097 143	3 000 000	902 857	900 000
22018 Meland U-skule - Utstyr og møbler	176 948	300 000	123 052	120 000
22022 MANGER SKULE UTEOMRÅDE	90 250	360 000	269 750	260 000
23 KULTUR OG IDRETT	11 552 016	17 996 000	6 443 984	6 380 000
23007 Kommunehuset på Manger - kulturhus/ kino - ref	2 889 938	5 000 000	2 110 062	2 100 000
23008 Dagsturhyttar	3 173 386	3 806 000	632 614	620 000
23009 MEIERIET FREKHAUG	-	500 000	1 151 966	1 150 000
23013 Manger - Turstiar	-	150 000	150 000	150 000
23016 Meland - Parkering/rasteplassar	979 499	1 040 000	60 501	60 000
23021 Knarvik - Nytt kunstgrasdekke	5 161 158	7 500 000	2 338 842	2 300 000
25 BUSTADER	1 770 347	5 350 000	3 579 653	3 550 000
25002 INVESTERING BUSTADER	1 770 347	5 350 000	3 579 653	3 550 000
26 INSTITUSJON OG OMSORGSBUSTADER	1 523 740	15 600 000	14 076 260	14 040 000
26001 INVESTERING INSTITUSJON OG OMSORGSBUSTA	1 355 221	1 680 000	324 779	320 000
26002 BUFELESSKAP	168 519	2 000 000	1 831 481	1 800 000
26006 Meland - Omsorgsbustader	-	3 870 000	3 870 000	3 870 000
26008 Langhøyane Manger - Omsorgsbustader	-	8 050 000	8 050 000	8 050 000
29 KYRKJELAG FELLESRÅD	-	14 570 000	14 570 000	14 570 000
29002 Lindås Gravplass	-	14 570 000	14 570 000	14 570 000
30 TRANSPAORTMIDALR OG TEKNISK UTSTYR	865 893	2 610 000	1 744 108	1 740 000
30002 UTSTYR OMSORGSTEKNOLOGI / KVARDASREHAB	865 893	2 050 000	1 184 108	1 180 000
30003 NY FEIARBIL	-	560 000	560 000	560 000
33 BRANN	232 456	19 500 000	19 267 544	19 240 000
33001 BRANNSTASJON	55 928	1 000 000	944 072	940 000
33002 NY BRANNBIL	176 528	18 500 000	18 323 472	18 300 000
34 VATN	46 193 466	60 670 000	14 476 534	14 090 000
34001 Hestdal - Nytt vannbehandlingsanlegg	26 042 390	28 937 000	2 894 610	2 800 000
34002 Hestdal vannbeh.anlegg - Myrvollane vatn	10 201 392	11 000 000	798 608	790 000
34003 Myrvollane - Moldekleiv VA-anlegg	2 383 677	6 500 000	4 116 323	4 100 000
34020 GENERELLE NYANLEGG + REHAB. , LEIDNING	2 649 494	3 500 000	850 506	650 000
34021 Knarvikplanen, kommunal del	841 689	1 000 000	158 311	150 000
34038 Littlebergen-Flatøy vannledning	44 754	733 000	688 246	680 000
34050 BIRKELAND - HELLA VATN	55 928	500 000	444 072	440 000
34051 Ishuset - Birkeland vatn	272 958	2 000 000	1 727 042	1 700 000
34052 Storsandvik-Juvik-Remmo Vannleidn.	607 418	1 000 000	392 582	390 000
34054 Vetås-Haukeland-Storheim Vannledning	-	100 000	100 000	100 000
34055 Bøvågen-Marøy vassledning	-	100 000	100 000	100 000
34057 Storheim - Solheim Ringleidning vatn	-	200 000	200 000	200 000
34059 Frekhaugkryssset-Sagstad Skule VA-anlegg	203 458	500 000	296 542	290 000
34062 E39 Oval Rundkjøring - Kommunal del - Vatn	2 558 861	4 100 000	1 541 139	1 540 000
34063 Helsehuset Parkeringsplass Vatn	331 447	500 000	168 553	160 000
35 AVLØP	16 361 201	34 530 000	18 168 799	18 125 000
35001 Meland Vassverk-Myrvollane Avløp	4 421 082	6 800 000	2 378 918	2 370 000
35006 Mindre prosjekt avløp	3 815 692	11 115 000	7 299 308	7 290 000
35010 RESIPIENTUNDERSØKELSER	-	1 135 000	1 135 000	1 130 000
35014 Hestdal Vannbehandlingsanlegg - Avløp	680 040	4 540 000	3 859 960	3 850 000
35016 NYSTØLTUNET , Fyllingsnes AVLAUP	123 188	200 000	76 812	75 000
35023 KNARVIKPLANEN, KOMMUNAL DEL	787 045	1 000 000	212 955	210 000
35027 HELSEHUSET - AVLØP	1 637 853	1 800 000	162 147	160 000
35028 Vetås - Storheim - Avløpsledning	-	500 000	500 000	500 000
35045 Stallane - Helsehuset avløp	139 862	340 000	200 138	200 000
35047 Littlebergen avløpspumpestasjon	-	1 000 000	1 000 000	1 000 000
35062 E39 OVAL RUNDKJØRING - KOMMUNAL DEL - AV	4 756 440	6 100 000	1 343 560	1 340 000
36 VEG	513 766	11 150 000	10 636 234	10 610 000
36001 KOMMUNALE VEGAR	324 244	3 000 000	2 675 756	2 650 000
36002 TRAFIKKSIKRING	-	4 650 000	4 650 000	4 650 000
36003 VEGLYS, OPPGRADERING (ARMATUR, MÅLARE)	189 521	3 500 000	3 310 479	3 310 000
37 AREAL OG ANNA UTBYGGING	-	-	-	-
38 PROSJEKT FINANSIERT MED STATLEGE KORONA-MIDLAR	11 333 581	11 616 250	282 669	280 000
38001 Radøyhallen/symjehall - Oppgradering ventilasjon	4 820 545	4 257 500	-	563 045
38002 Velferdssenteret Manger - skifte tak	1 528 392	3 035 000	-	1 506 608
38003 Rosslund, omsorgsbustader - Brannsikring, tømra	216 056	110 000	-	106 056
38004 Austbygd skule, oppgradering Brannsentral/anlegg	117 469	118 750	-	1 281
38005 Kommunale bustader- Alversund Risbekken	2 231 491	2 250 000	-	18 509
38006 Garderobes kommunehuset Frekhaug	324 723	255 000	-	69 723
38007 Parkeringsplasser i samband med dagsturhyttene	725 375	327 500	-	397 875
38008 Sæbø barnehage- ventilasjonsanlegg.	67 187	52 500	-	14 687
38009 Prestebrekka, Manger - bufellesskap- Nytt tak	883 928	897 500	-	13 572
38010 Kastebur Knarvik Stadion	418 417	312 500	-	105 917

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
M10, TI-&01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Avtale med Austrheim kommune, levering av drikkevatt og reservevassforsyning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret sluttar seg til avtale med Austrheim kommune for levering av drikkevatt og reservevassforsyning, jf avtaleforslag datert 27.01.2022. Rådmannen får fullmakt til oppfølging og signering etter politisk behandling i Austrheim kommune.»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Frå 1987 har Austrheim kommune hatt avtale om levering av drikkevatt frå Lindås kommune. No ønskjer Austrheim i tillegg ein avtale om reservevassforsyning, etter pålegg frå Mattilsynet. Rådmannen orienterte formannskapet om status for den gamle avtalen, mogeleg ny avtale og forsyningskapasitet mm i eit lukka møte 03.09.2020, der også prisvurdering var eit tema.

Formannskapet gav klarsignal til å gå vidare for å hjelpe Austrheim med reservevassforsyninga. Vidare å inngå ny avtale som også omfattar vassforsyninga i den gamle avtalen, og oppheve denne. Prisfastsettinga skal følgje sjølvkostprinsippet. Det betyr at Austrheim kommune betaler sin rettmessige del av dei reelle utgiftene til drift, vedlikehald og investeringar. Dette gjeld både sjølve vassproduksjonen og distribusjonsnettet.

Austrheim kommune meldte tilbake at utgangspunktet for ny avtale vart akseptert, etter politisk vurdering der.

Konsulentfirma Envidan Momentum fekk i oppdrag å sette opp kostnadsbiletet, basert på sjølvkostprinsippet. Envidan lagar sjølvkostoppstilling og etterkalkyle for Alver kommune frå før og har alle relevante opplysningar om driftskostnader, vedlikehaldsbehov, aktuelle vassbehandlingsanlegg, distribusjonsnett og investeringsbehov.

Det er no utarbeida ein avtale og eit sjølvkostoppsett i samarbeid med Austrheim kommune. Det er administrativt semje i begge kommunane om å tilrå avtalen og kostnadsoppsettet, og avtalen er kvalitetssikra med Envidan i høve til sjølvkostoppsettet.

Vurdering

Forslag til avtale omfattar tema som avklarar formål, eigarskap til anlegg, ansvar for drift og vedlikehald, leveringsforpliktelsar, prisfastsetting, oppseiingstid og tvisteløysing m.a.

Oppseiingstida er ny i høve til den gamle avtalen. Rådmannen vurderer at 20 års varighet med 3 års

oppseiingsfrist deretter er lite risikofyllt, for begge partane. Ingen av partane «tener» på å seie opp avtalen, eller vidareføre den, så lenge sjølvkostprinsippet ligg til grunn. Eventuelle tvistar følgjer vanlege rettsreglar. Ei oppseiingstid på 20 år gjev partane eit handlingsrom i høve til behovet.

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner avtalen og sjølvkostprinsippet. Når kommunestyret i Alver slutter seg til forslaget til avtale, går den til politisk behandling i Austrheim kommune før signering.

Vedlegg i saken:

03.02.2022	Austrheim. Tabell kostnader	1684479
03.02.2022	Utkast - Avtale reservevann Alver - Austrheim 141221	1684480

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-026, TI-&O1
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Miljøløftet - Ny strategi for innfartsparkering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune sluttar seg til «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering innafor avtaleområdet til Miljøløftet».

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksutgreiing

Alver kommune har gjennom si deltaking i Miljøløftet deltatt i arbeidet med å utarbeide ein overordna strategi for fagområdet innfartsparkering som skal vera førande for satsingsområdet i heile avtaleperioden. Det strategiske styringsdokumentet har byvekstavtalen som ramme og føringar.

Styringsgruppa (politisk nivå) i Miljøløftet slutta seg til strategien i møte 10.12.21, og den vert no lagt fram til politisk handsaming hjå alle partane i Miljøløftet.

Bakgrunn for saka

Innfartsparkering er eitt av fire satsingsområde i byvekstavtalen. Avtalen presiserer at innfartsparkering som verkemiddel skal bidra til nullvekstmålet; at veksten i persontransporten i dei største byområda skal takast med kollektivtransport, sykling og gange.

Nullvekstmålet er ikkje berre forankra i mål om utsleppsreduksjon, det er også ei naudsynt løysing på utfordringar knytt til kapasitet og framkomst i transportsystemet.

Det strategiske styringsdokumentet erstattar gjeldande fylkeskommunale strategi for innfartsparkering frå 2015, Strategi for innfartsparkering fram mot 2030. Korkje Lindås, Meland eller Radøy kommune har hatt egne strategiar på temaet tidlegare.

Nokre hovudtrekk frå strategien:

Overordna mål

Det overordna målet i strategien er at «Innfartsparkering skal redusere sentrumsrettede arbeidsreiser i rush, når kø, luftforurensning og støy er mest utfordrende. Primært gjelder dette arbeidsreiser som har det sentrale Bergen som målpunkt».

Strategien legg føringar for innfartsparkering for både bil og sykkel.

Lokalisering for innfartsparkeringsanlegg for bil

I «Kunnskapsgrunnlag til strategi for innfartsparkering, 07.05.21» står det at eit viktig kriterie for velfungerande innfartsparkering er at anlegga må «etableres utenfor sentrum og lokale regionsentre». Omegnskommunane, inkludert Alver, har vore pådrivarar for at dette kriteriet ikkje kunne innarbeidast i sin heilskap i den nye strategien. Dette kriteriet kjem ofte i motstrid med eit anna viktig kriterium, som er at innfartsparkering må vere tilknytt eit «godt kollektivtilbod med hyppige avgangar, rask framføring og tilstrekkeleg med kapasitet». Denne konflikten er særleg relevant i kommunane kring Bergen. For Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden har det vore viktig at strategien ikkje hindrar etablering av innfartsparkeringsanlegg i til dømes regionsentera.

Partane i Miljøløftet har i strategien landa på eit kompromiss som på den eine sida ivaretek Bergen kommune sitt ynskje om at innfartsparkering ikkje skal etablerast i sentersoner i Bergen, og Alver og dei tre andre kommunane sitt ynskje om å framleis ha moglegheit til å etablere innfartsparkering i regionsenter. Strategien formulerer prinsipp for lokalisering av innfartsparkering for bil slik (noko forkorta):

- I dei ytre områda i Bergensområdet
- Etablerast opp mot by- og regionstamlinjenettet i Bergensområdet.
- Behovet for innfartsparkering bør vurderast opp mot gang- og sykkeltilgjenge til kollektivtilbod og moglegheita for å betre denne. Dersom det vert vurdert å vere behov for innfartsparkering i senterområde vert det anbefalt å etablere det som sambruk med sentrumparkering, kjøpesenter eller kultur- /idrettsanlegg.

Brukarfinansiering

Forsking syner at ein betydeleg del av brukarane av innfartsparkering bur innanfor gang- og sykkelavstand til plassen. Ein lokalt tilpassa brukarbetaling vil bidra til at ein avviser dei aller kortaste bilreisene til innfartsparkeringsane, og at desse vert overført til gange eller sykkel og dermed sikrar plass til dei som treng det, og vidare redusere behovet for å bygge ut meir kapasitet. Eit anna føremål med brukarbetaling er å bidra til finansiering av etablering eller drift av innfartsparkeringsanlegg.

Prinsipp for brukarfinansiering er eit av punkta det har vore arbeida mykje med for å kunne einast i Miljøløftet. Fylkeskommunen har ei politisk bestilling i samband med budsjettvedtak desember 2019 på å innføre brukarbetaling på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsanlegga, medan Alver og dei andre kommunane kring Bergen ikkje ynskjer at det vert sett som krav at det vert innført brukarfinansiering. I strategien har partane difor vorte einige om fylgjande prinsipp:

- Brukarbetaling skal vurderast ved etablering av nye anlegg for innfartsparkering.
- Om brukarbetaling skal innførast og på kva nivå, skal vurderast opp mot i kva grad dette påverkar graden av måloppnåing (nullvekstmålet)
- Faren for misbruk av plassen og at dei med størst behov sikrast plass er også viktige vurderingskriterier.

Finansiering og ansvar

Fylkeskommunen har det overordna ansvaret for innfartsparkeringsplassar og er ansvarleg for drifta på om lag halvparten av dei 4200 plassane som finst i Bergensområdet.

Strategien løftar det overordna og strategiske ansvaret for innfartsparkering i avtaleområdet inn i Miljøløftet-organiseringa.

Nye prosjekt vil kunne finansierast gjennom byvekstavtalen og porteføljestyrt opp mot nullvekstmålet. Kommunane innanfor avtaleområdet står framleis fritt til å sjølv etablere innfartsparkeringsanlegg basert på

lokale behov, men slike tiltak fell ikkje inn under Miljøløftet si finansiering.

Sykkel

Etablering av innfartsparkeringsplassar for sykkel er eit kostnadseffektivt og lite arealkrevjande tiltak. Parkeringsplassane må etablerast tett på kollektivhaldeplassen, dei må vere sikre mot tjuveri, vær og vind, og dei må vere kopla til eksisterande og framtidig sykkelvegnett. Utfordringa er at det fram til no har vore låg etterspurnad etter sykkelparkering, men med auka satsing på sykkel kan ein forvente auka bruk av desse plassane. Gode og trygge sykkelparkeringsplassar ved kollektivhaldeplassane bør på sikt kunne avlaste dagens innfartsparkeringsplassar for bil i dei meir sentrale områda.

Vurdering

Rådmannen ser det som eit fornuftig grep å utarbeide felles strategiske føringar for heile avtaleområdet, og rår til at kommunestyret vedtek det strategiske styringsdokumentet slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:

03.02.2022

Strategisk styringsdokument for innfartsparkering

1685765

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-026, TI-&01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2023 - 2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune tilrår at følgjande prosjekt blir tatt inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2023 -2026.

- Fv5474, Seim skule, fortau/trafikksikring
- Fv5458, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindsdalen
- Fv5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri
- Fv5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

SAKSUTGREIING

Saka gjeld:

Denne saka gjeld den årlege prioriteringa av prosjekt som Alver kommune vil legge inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram, no for perioden 2023 –2026. Framlegg til prioritering av belønningssmidlar frå Miljøløftet vil bli lagt fram i eige sak.

Organisering, prinsipp og prosess for innspel av prosjekt til Miljøløftet vart gjennomgått som bakgrunn i sak KO-066/20, som også omhandla handlingsprogrammet for 2021-2024.

I sak KO-036/21 vart det vedteke å utarbeide eit strategidokument for Alver kommune som omtaler status, mål og strategiar og prinsipp for å nå måla i Miljøløftet. Strategidokumentet skal ha basis i kommuneplanen sin samfunnsdel. Ettersom denne planen ikkje er vedteken enno, er difor strategidokumentet for Miljøløftearbeidet utsett til seinare i år og vil danne grunnlaget for prioriteringane neste år og resten av avtaleperioden.

Bakgrunn

Alver kommune vedtok å vere med i byvekstavtalen i februar 2020. Det er nullvekstmålet for personbiltrafikk som ligg til grunn for avtalen. Gjennom avtalen vil kommunen i avtaleperioden få kr 29,5 mill i snitt til gang- og sykkelvegprosjekt langs riksveg, fylkeskommunal veg eller kommunal veg (Statsbudsjettet, post 30). I tillegg får kommunen kr 2,46 mill per år i belønningssmidlar som kan brukast på eit noko vidare omfang innan tema.

Så langt i avtaleperioden har Alver kommune mottatt nær kr 55 mill til utbygging av gang- og sykkelveg. Dette fordeler seg på følgjande prosjekt:

- Fv5308 Utbetring av Sagstadvegen g/s-veg – kr 28 mill
- Fv5476 Kvamsbrekko – kr 12 mill
- Kv1023, Kv1056 Regionsenteret Knarvik – kr 10,5 mill
- Regionsenteret Knarvik. Gangveg mellom Helsehuset og Såtabu-området – kr 4,1 mill

Kriteria innan finansiering av utbyggingsprosjekt i Miljøfttet

Staten har gitt tydelege kriteria for utløyning av dei statlege midlane til finansiering av fylkeskommunale og kommunale prosjekt gjennom Miljøfttet, ref. blant anna følgande utdrag av informasjon frå Staten:

- *Det forutsettes at bruken avgrensas til investeringar i tiltak for kollektivtransport, sykling og gange langs fylkeskommunal og/eller kommunal vei, og at en slik prioritering vurderes som mer kostnadseffektiv/samfunnsøkonomisk lønnsom eller øker måloppnåelsen i bymiljø-/ byvekstavtalene sammenlignet med riksveitiltak.*
- *For fylkeskommunale/kommunale prosjekter som finansieres med statlige midler til programområdetiltak, dekker de statlige midlene utelukkende kostnader som påløper etter anleggsstart. Alle andre kostnader knyttet til prosjektet, som planleggings- og prosjekteringskostnader, dekkes av lokale myndigheter. Det kan skje gjennom bruk av belønningsmidler tildelt over kap. 1330, post 66, bompenger der det er aktuelt eller lokale midler. For de fleste prosjekter/tiltak vil prosjekteringskostnader utgjøre en relativt liten prosentvis andel av prosjektets samlede kostnader.*

For å kome gjennom prosessen med handlingsprogram og statleg finansiering må altså kommunane ha sørga for at det einkilde anleggsprosjekt er i reell byggefase same året som det vert lagt inn finansiering til anleggutføringa i handlingsprogrammet. Det betyr at reguleringsplan i utgangspunktet må vere gjeldande og «fersk», grunnverv må vere klart og avslutta, -inkludert eventuelle ekspropriasjonar og klagefristar, og alle prosessane som tilhøyrer prosjekteringsfasen må vere ferdigstilte og byggherretilhøva må vere avklart og godkjent, inkludert avtalar/garantiar vedr eventuelle økonomiske overskridingar.

Prioritering av anleggsprosjekt 2023 -2026

Alver kommune kan hente ut kr 29,5 mill i snitt per år til aktuelle prosjekt, og det er viktig å prioritere nye prosjekt for å hente ut midlar sjølv om klargjering av prosjekta kan bli utfordrande i høve tidspunkt for omsøkt finansiering.

Etter dialog med Vestland Fylkeskommune vil rådmannen foreslå at følgande utbyggingsprosjekt vert lagt inn som kommunen sitt investeringsframlegg i Miljøfttet sitt handlingsprogram 2023 – 2026, for godkjenning og finansiering i Statsbudsjettet for 2023:

- **Fv5474, Seim skule, fortau/trafikksikring langs fylkesvegen**, estimert kostnad 36 mill. Strekning langs skulen og opp til forbi «Meieriet». Regulert i eldre plan.
- **Fv5458, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindsdalen**, estimert kostnad 14 mill. Rekkefølgekrav i nyleg godkjent områdeplan.
- **Fv5452, Leknes, fortau/trafikksikring** ved Eknes Karosseri, estimert kostnad 6,5 mill. Strekk med manglande fortau på skulevegen til Leiknes skule. Regulert.
- **Fv5452 Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – x Kleivdalsvegen**, estimert ufinansiert del 10 mill. Strekk med manglande fortau på skulevegen til Leiknes skule. Spleiselag mellom utbyggjarar, tilskot avsett i Lindås kommune og Miljøfttet. Reguleringsplan frå 2003.

I tillegg legg Rådmannen til grunn at tidlegare vedtekne rammer for finansiering av Sagstadvegen på kr 28 mill. vert vidareført i Handlingsprogrammet.

Staten sine krav til avklarande prosessar i det einskilde prosjekt er svært kompliserande når de gjeld å fastsette tidspunkt for gjennomføring og dermed også framlegg til budsjettering det einskilde år i budsjettperioden.

Dette vert imidlertid arbeidd med og vil bli meir avklart før innsending av søknads- og budsjettframlegget via Miljøløftet no i 2022. Rådmannen vil halde Formannskapet orientert om dette.

Vurdering

Alver sitt strategidokument for Miljøløftet vil bli ferdigstilt etter at samfunnsdelen er vedtatt. Rådmannen ønskjer likevel ikkje å vente på godkjenning av strategidokumentet for å kunne spele inn nye prosjekt. Prosjekta som er tilrådd er drøfta med politisk nivå i tidlegare rulleringar av handlingsprogrammet.

Prosjektopplistinga er ambisiøs, men også naudsynt for den store tilskotsaktiviteten avtaleverket legg opp til.

Prosjekta som er tilrådd for handlingsprogrammet 2023 - 2026 ligg langs fylkeskommunal veg. Slik finansieringsordninga i Miljøløftet er bygd opp, er det Alver kommune sine Miljøløftet-midlar som må nyttast til ei utbygging om dette skal finansierast via Miljøløftet. Med unnatak av mogelege midlar i Regional transportplan, har ikkje Fylkeskommunen tilsvarende midlar som kan nyttast til dette føremålet i Alver kommune.

Det vert uansett forutsett tett samarbeid med og tilhøyrande aktivitet frå fylket si side når det gjeld juridiske prosessar, byggherrerolle og anna, noko rådmannen meiner er gjennomførbart, tross omfattande kriteria frå Staten. Formannskapet vil bli informert jamleg om vidare prosess i Miljøløftet.

Belønningsmidlar

I tillegg til dei reine anleggsmidlane på i snitt 29,5 millionar årleg, har også Alver kommune ein årleg sum på 2,46 millionar i belønningsmidlar som kan brukast på eit noko vidare omfang innan tema, mellom anna:

- Planarbeid og prosjektering
- Utgreiingar
- Kampanjar
- Ruteproduksjon kollektiv
- Fysisk utbygging
- Utstyr
- Tilskotsordningar

Rådmannen har utarbeidd ei førebels liste av framlegg til mogelege prosjekt og prosessar som kan inngå i potten for belønningsmidlar for 2022 og 2023 og vil kome attende til dette i eigen sak når finansiering av førebuande arbeid med dei føreslegne investeringsprosjekta i denne saka er meir avklart.

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-231
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Sjølvkostgrunnlag - gebyr plansaker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tek utgreiinga om sjølvkostgrunnlaget for plansaksgebyr til orientering, og sluttar seg til prosessen som er tilrådd i oppsummeringa.

Ramma for ansvar 7120 plan- og byggesaksbehandling, teneste 3011 plansaksbehandling etter sjølvkost, blir auka med kr 1,5 mill for 2022. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet.»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Forslaget til gebyrregulativ for sjølvkostområda var bygd på prinsippet om 100 % inndekning av kostnadene der det er høve til det. Budsjettforslaga for tenestene var sett opp tilsvarende, med sikte på at utgiftene til dei tenestene dette gjeld ikkje skulle belaste det ordinære driftsbudsjettet, men dekkjast inn av summen av gebyrinntektene.

I gebyrforslaget fekk nokre saksområde ein større auke i gebyrsatsane enn vanleg prisstigning skulle tilseie (større enn statens deflator), for å komme opp i sjølvkost. Plansaksområdet fekk den største auken, då dette området har låg inndekning. Ved behandling av gebyrforslaget justerte kommunestyret ned att forslaget til auka gebyrsatsar for plansakene. Kommunestyret ba om ein grundigare gjennomgang av sjølvkostgrunnlaget på gebyra i denne sektoren. Det blei ikkje gjort endringar i budsjetterte inntekter.

Rådmannen løfter i denne saka ei mogeleg tilnærming til problemstillinga, og behovet for budsjettjusteringar for å følgje opp kommunestyret sitt vedtak.

Saksopplysninger:

Kommunestyret gjorde bl.a. følgjande vedtak i sak 163/21, møte 16.12.202:

«Alver kommune godkjenner gebyr- og betalingsatsar for 2022, slik dei går fram av framlegg datert 15.12.2021 med følgjande endringar:

2.1 Reguleringsplan

Type	2021	2022	% endring
Avvist planinitiativ – administrativ avgjerd	12 000	12 300	2,5 %
Detaljreguleringsplan i samsvar med overordna plan	115 000	117 875	2,5 %
Detaljreguleringsplan i strid med overordna plan	130 000	133 250	2,5 %

<i>Detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing i samsvar med overordna plan</i>	190 000	194 750	2,5 %
<i>Detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing strid med overordna plan</i>	205 000	210 125	2,5 %

Kommunestyret ber om ein grundigare gjennomgang av sjølvkostgrunnlaget på gebyra i denne sektoren allereie i første formannskapsmøte i 2022, inkludert, men ikkje avgrensa til tydeliggjøring i kor mange timar ein forventar brukt per gebyrsats, samt timesats.

.....»

Rådmannens forslag var å doble satsane frå 2021 til 2022.

Tilnærming til problemstillinga.

Fundamentet for kommunane sin bruk av sjølvkostsystemet finn vi i

- Lovverket; heimelen for å ta gebyr fins i særlovene for aktuell teneste
- Reglane for utrekning og kontroll; sjølvkostforskrifta, felles
- Lokale prinsipp; kommunane kan velge sjølvkostprinsippet heilt eller delvis, eller ikkje ta i bruk

Her følgjer ein kort gjennomgang av desse temaene, som utgangspunkt for

- vurdering av sjølvkostgrunnlaget og
- behovet for budsjettjusteringar.

Lower og reglar for sjølvkost (kulepunkt 1 og 2)

Heimelen til å ta gebyr for tenestene følgjer av særlovene som regulerer dei ulike oppgåveområda. Heimelen til å ta gebyr for plansakene følgjer såleis av plan- og bygningslova § 33-1. Her går det m.a. fram at gebyra kan dekkje kommunen sitt arbeid med plansakene fram til det blir gjort vedtak om offentlig ettersyn (altså til det blir avgjort om eit planforslag skal fremjast).

Reglane for korleis ein skal rekne ut gebyra, korleis ein skal kontrollere at utrekningssystemet er rett og kva som skjer dersom ein har fått inn for mykje eller for lite gebyr gjennom året, følgjer av sjølvkostforskrifta. Denne er lik for alle sjølvkostområda, og er heimla i kommunelova. Forskrifta vart innført 1. januar 2020. Innhaldet i forskrifta er godt kjent for kommunane frå før; dei hadde tidlegare status som retningslinjer, og har vore i vanleg bruk.

Fakta og prinsipp for Alver (kulepunkt 3)

Jf sak 103/21 Formannskapet, møte 11.11.2021. Plansakene høyrer til under gebyr for teknisk forvaltningsteneste, der følgjande prinsipp er stilt opp:

Gebyra vert fastsatt etter sjølvkostprinsippet.

Det kan ikkje takast gebyr for rettleiing etter forvaltningslova og handsaming av klagesaker.

Gebyr for handsaming av planforslag kan omfatte kommunen sitt arbeid fram til planen vert lagt ut på førstegongs høyring.

Det kan ikkje takast gebyr for områderegulering eller detaljreguleringsplanar fremja av det offentlege.

Det vert brukt standardsatser med utgangspunkt i gjennomsnittleg tid og ressursbruk for dei ulike sakstypene.

Gebyr for handsaming av søknadar som krev vedtak etter andre lovverk som t.d. jordlova, forureiningslova kjem i tillegg til gebyret etter plan – og bygningslova.

Det vert fakturert sakshandsamings gebyr per tiltak/teneste som det vert søkt om. For fleire av tenestene er det tilleggsgebyr knytt til volum, areal/tal bueingar.

For dispensasjonssaker vert det teke eitt gebyr for handsaming av dispensasjon. Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til eventuelle basisgebyr per tiltak der dette er søkt om i same søknad.

Det vert teke gebyr for mangelfull søknad i samsvar med sjølvkostprinsippet om at kommunen kan ta gebyr for dei oppgåvene som er nødvendig for å produsere tenestene.

Vurdering av sjølvkostgrunnlaget for plansaksbehandling i Alver

Gebyrgrunnlaget består av direkte og indirekte kostnader som er knytt til plansaksbehandlinga, jf sjølvkostforskrifta § 2. For plansaksbehandlinga er dette i all hovudsak lønnskostnader, og ein mindre del varer/tenester og indirekte kostnader. Dei indirekte kostnadene er t.d. knytt til telefoni, lisensar, post/arkiv osv som ligg utafor plan- og byggesaksavdelinga sitt oppgave- og budsjettområde.

Korleis får ein oversikt over desse kostnadene? Der svarer sjølvkostforskrifta (§3) at utrekningsgrunnlaget er rekneskapsførte utgifter og inntekter.

For plansaksområdet er det skilt mellom ressursar som går med til plansaksbehandling der ein kan legge sjølvkostforskrifta til grunn, og ressursar som går med til plansaksbehandling utafor sjølvkostområdet (som gjeld offentlege planar i det heile og private planar etter offentlig ettersyn). Rekneskapsstala gir oss fasiten, under føresetnad av at rekneskapsen følgjer oppsettet i budsjettet og at budsjettala er rette.

For å komme fram til rette budsjettal, er det anslag over aktiviteten som er utgangspunktet. Anslaget bygger på erfaring frå tidlegare år, og oversikt over aktuelle planar / komande planar. Dette gir eit bilete av omfanget, og korleis personellressursane bør setjast inn.

Det er ikkje ført timelister eller sett opp timeprisar for sjølvkosttenestene, dette er ikkje ein formell føresetnad for å sette opp budsjettet (og deretter nivået på gebyrinntektene med påfølgjande gebyrregulativ). Men det blir laga eni kalkyle, som Alver nyttar konsulentteneste til å utføre(Envidan Momentum). Kalkylen reknar ut nivået på utgiftene og inntektene, og er lagt ved gebyrsaka.

Til årsrekneskapsen blir det laga ei etterkalkyle, som viser det faktiske resultatet. Dersom gebyrinntektene er for høge i forhold til kva som var budsjettert, skal overskotet setjast på fond og bidra til inndekning etterfølgjande år. Dersom inntektene er for låge i forhold til budsjettet, må kommunen dekke underskotet av ordinære budsjettmidlar dersom det ikkje er eit fond med tilgjengelege midlar.

Timelister for januar vil ikkje vere representativt for nivå og omfang på plansaksbehandlinga resten av året. Dersom det skal førast timelister, bør dette gjerast gjennom heile året. I dag har ikkje kommunen eit system for føring av timelister på dette nivået, eit slikt system må først anskaffast.

Behovet for budsjettvurderingar

Plansaksbehandling utanom sjølvkostområdet har eit budsjett på 1,6 mill kr. Sjølvkostområdet har eit budsjett som går i null, der gebyrinntekter på 2,9 mill kr skal dekkje både direkte og indirekte kostnader. Med reduserte satsar på plansakene er det ikkje realistisk å nå inntektskravet på 2,9 mill kr, og det oppstår eit behov for inndekning av underskotet som er kalkulert til 1,5 mill i 2022. Det er ikkje bygd opp noko fond som kan dekke underskotet. Overslaget på 1,5 mill tilleggsfinansiering byggjer på kunnskap om aktivitet og erfaring med tidsbruk.

Kommunestyret har høve til å bestemme at gebyrgrunnlaget ikkje skal reknast ut frå dei samla kostnadene, og i staden utgjere ein andel av samla sjølvkost, jf sjølvkostforskrifta § 8.

Oppsummering og konklusjon

Rådmannen rår til at kommunen nyttar gjeldande budsjett- og rekneskapsrutinar for å kontrollere sjølvkostområda, med tilhøyrande budsjettnotat og etterkalkyle. Etterkalkylen for 2021 vil gje eit bilete av om venta aktivitet innan planområdet stemmer med faktisk ressursbruk og gebyrinntekter. I tida fram til budsjettprosessen for 2023 vil ein kunne skaffe fram endå betre oversikt over framtidig aktivitet, og med utgangspunkt i saksomfanget og fordeling av sakstypar gjennom 2022 vil ein sjå kvar ressursinnsatsen må setjast inn.

Som nemnt innleiingsvis omfattar budsjettet for plan- og byggesaksområdet i all hovudsak lønskostnader. Desse må finansierast, enten via gebyr eller via løyving i driftsbudsjettet. Utan finansiering er det ikkje mogeleg å halde oppe tilstrekkeleg kapasitet til å drive saksbehandling, noko som ikke er å tilrå – jf utfordringane på dette området i 2021.

Veksten i Alver er i stor grad avhengig av at det er tilstrekkeleg kapasitet og vilje hjå utbyggjarane til å fremje reguleringsplanar og gjennomføre utbygging, innafor rammene i dei overordna kommunale planane. Kommunen må ha tilstrekkeleg saksbehandlingskapasitet til å følge opp og rydde vegen i tråd med overordna planar og gjennom regionale føringar og krav, helst innan rett tid.

Rådmannen rår til at budsjettramma for plansaksbehandling blir auka med 1,5 mill kr. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet. Dersom anslaget viser seg å vere for høgt ved årsoppgjæret, blir overskotet ført tilbake.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-231
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Gebyr og betalingssatsar for 2022 - endring i forskrift vedtatt 16.12.2021 RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Alver kommunestyre godkjenner oppdaterte gebyr- og betalingssatsar for 2022 slik dei går fram av vedlegg datert 01.02.2022.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling formannskapet som og legg forskrifta ut på høyring i perioden fram til saka skal handsamast i kommunestyret.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Saka gjeld framlegg om endring av vedtatt forskrift om gebyr- og betalingssatsar for den delen av gebyra som gjeld for plan, byggesak, matrikkel, eigarseksjonering, landbruk og utslepp frå separate avløpsanlegg som kommunestyret vedtok den 16.12.2021.

Bakgrunnen for endringa er at ikkje alle tiltak som vert søkt om og handsama etter plan- og bygningslova er omfatta av forskrifta vedtatt 16.12.2021 som følgje av at det vart laga eit nytt oppsett og mal for gebyrforskrifta for 2022 og i tillegg nokre tekstlege endringar som vert gjennomgått under.

Når det gjeld informasjon om sjølvkost og bakgrunnen for gebyra vert det vist til saksframlegget med vedlegg som vart lagt fram for kommunestyret 16.12.2021. Dei endringane som er gjort her er innanfor sjølvkostprinsippet og skal dekke dei tenestene som kommunen leverer.

Oversikt på endringar som er gjort:

- Det er lagt inn ein ny generell tekst under dispensasjon, bygge- og delesaker. Dette er i hovudsak same tekst som låg i gebyrforskrifta for 2021. Bakgrunnen for at denne er tatt inn er for å synleggjere kva tiltak det vert tatt gebyr for under dei ulike punkta i gebyrsatsane, og ei klargjering av at gebyra gjeld for oppføring og riving a for dei ulike tiltakstypene. Det er og tydeleggjort at det vert gjeve eit dispensasjonsgebyr per søknad.
- Det er lagt til eit nytt punkt 2.16.6 som gjeld der vi ber om tilleggsopplysningar/mangelbrev for søknad om tiltak som krev bruk av ansvarleg føretak. Denne tilsvara punkt 10.2.11 i gebyrforskrifta

for 2021 og er auka med 2,5 %.

I punkt 5.5.1 er ordlyden endra frå per anlegg til per bueining. Vi ser at ordlyden per anlegg ikkje er dekkande då gebyret skal gjelda per bueining, og har lagt dette inn i oppdatert gebyrforskrift. Gebyret skal gjelde for alle bueiningar som har eit privat avløpsanlegg og omfattar også minireinseanlegg og andre typar avløpsanlegg.

Gebyret blir fakturert etter det same prinsippa som ligg til grunn for gebyr for slamtømming som NGIR i dag fakturerer.

[Lenke til sak 163/21 – Gebyr og betalingssatsar 2022, handsama av kommunestyret 16.12.2021](#)

Vedlegg i saken:

03.02.2022	Gebyrforskrift Arealforvaltning 2022 - revidert forskrift datert 01.02.2022	1684485
------------	---	---------

Arkiv: <arkivID><jplID>
GBNR-310/3

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 01.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Frådeling av grunn til privat naust frå gbnr 310/3

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at Eva Tangen får tilbud om innløyning av festa naustegrund på Holmeknappen gbnr 310/3 for kr 127 369,- pluss omkostningar til mellom anna frådeling og oppmåling av naustparsellen. Tilbodet står ved lag seks måneder frå vedtaksdato.»


Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Alver kommune har fått ein førespurnad frå Eva Martha Tangen om å få frådelt ein parsell frå gbnr 310/3 til hennar naust på Holme (Holmeknappen). Naustet er vist med raud ring på kartet under:



Kart over aktuelt naust vist med raud ring



Oversiktskart

Alver kommune er eigar av hovudbruket bnr 3, som omfattar store delar av strandområdet på Holmeknappen. Kommunen må såleis som grunneigar vurdere frådeling og avhending av den omsøkte naustparsellen.

I tidlegare tider er det ført opp fleire naustbygningar (gardsnaust) i strandområdet på bnr 3 på Holme, tilhøyrande gardar som ikkje sjølv eigde strandline der det er tilkomst til sjøen.

Tangen har framlagt kjøpekontrakt for naustet frå 1994. Det har ikkje vore skrive ut skøyte. Det er heller ingen dokument som viser at det har vore betalt festeavgift. Tangen har også opplyst om at det ikkje har vore betalt festeavgift. Ettersom det ikkje er funne noko dokumentasjon på feste, kan ein ikkje sikkert vite kva som har vore avtalt, mellom anna om festaren har innløyningssrett.

Det har tidlegare vore fremja liknande saker for politisk behandling. I KO-sak 007/02 i Meland kommune fekk Ture Andersen skilt frå eit naust som også stod på bnr 3. Dette naustet var ikkje eit tradisjonelt gardsnaust, men har tilhørt bustadeigedomen gbnr 310/8 på Holmeknappen. Dette naustet ligg på austsida av

Holmeknappen, og har i dag bnr. 188.

Det vart i 2010 skilt ut eit naust i vest, på gbnr 10/3. Dette naustet vart rekna å vere Meland kommune sitt, og vart etter vedtak i kommunestyret sak 010/10 lyst ut og seld til høgstbydande. Ny eigar overtok naustet i 2012 for kr 330 000,- pluss omkostningar.

I 2020 vart det skilt ut eit naust til Brita Sagstad som har fått bruksnummer 281. Vedtaket om sal av naustegrunn vart gjort i KO-sak 05/19 og salssummen var 125 000 kr + omkostningar.

Saksopplysninger:

Spørsmålet er om på kva vilkår, Tangen skal få høve til å overta grunnen til det aktuelle naustet.

Dei økonomiske verdiane i saka er avgrensa til verdien av grunnen naustet står på.

Saka har to aktuelle alternativ. Det eine er at kommunen tilbyr at naustparselen blir selt/innløyst for ein besemt sum. Alternativt at kommunen ikkje godtek frådelling, og at sal/innløsning dermed ikkje er aktuelt.

Rådmannen vurderer at tidlegare saker talar for at ein også her bør godkjenne innløsning/ sal.

Dersom kommunen godkjenner innløsning, vil neste problemstilling knyte seg til kva vilkår kommunen sitt tilbod skal innehalde. Søkjar har ikkje dokumentasjon på festeforholdet gjennom ein festeavtale. Det har heller ikkje vore betalt festeavgift til kommunen. Det vert dermed ikkje aktuelt å vurdere innløsningssummen basert på festeavgift.

Ein annan måte å vurdere innløsningssummen på, er slik det vart gjort i KO-sak 05/19 som gjaldt utskilling av naustegrunn til Sagstad på gbnr 310/3 (no gbnr 310/281). Her vart det opplyst følgjande:

«Etter tomtefestelova § 15, 4. ledd kan det ved lenging av eit festeforhold krevjast ei festeavgift tilsvarande 2 % av marknadsverdien for festegrunden. Ettersom festeforholdet her nok er meir enn 99 år, må det vere rimeleg å nytte dette prinsippet. I sak ved sal av anna naust, nemnt innleiingsvis, vart tomteverdien i 2012 vurdert til kr 250 000,-. Legg ein dette til grunn i denne saka vil ei festeavgift på 2 % då utgjere kr 5000,-. Innløsningssum blir då 125 000 kr.»

Rådmannen vurderer at desse sakene er svært samanliknbare ettersom dei gjeld avhending av naustegrunn på same gbnr, og rår difor til at innløsningssummen i denne saka vert den same som i KO-sak i Meland kommune 05/19, dvs 125 000 kr, indeksregulert frå vedtaksdato (06.03.19) til søknadsdato for aktuell søknad (16.10.20). Dette gjev ein sum på 127 369 kr.

Ved ei eventuell innløsning vil også festar/kjøpar måtte bere kostnadene til frådelling og oppmåling av naustegrunden.

Etter plan og bygningslova § 1-8 anna ledd siste pkt. gjeld ikkje regelen om bygge- og delingsforbod i strandsona, ved innløsning av tomtefeste. Naustegrunden kan dermed delast frå utan å kome i konflikt med det generelle dele- og byggeforbodet.

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-D11
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 26.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Godkjenning av prosjektmandat Ostereidet kunstgras

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektmandat for rehabilitering av Ostereidet kunstgras vert godkjent slik det ligg føre.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Alver kommune sitt reglement for investeringsprosjekt seier at prosjektmandat for investeringsprosjekt skal vedtakst i kommunestyret. Eining for eigedomsforvaltning har utarbeidd framlegg til prosjektmandat for rehabilitering på Ostereidet.

Saksopplysningar:

Kunstgrasbana på Ostereidet vart opna i 2001, og anlegget er per i dag det eldste kunstgrasanlegget i regionen. Rehabilitering er i økonomiplanen lagt inn med 6 millionar i 2022. Erfaringstal frå Knarvik i 2021 viser at denne ramma er for låg dersom ein vel eit dekke som utløyser alle krava i ny forskrift vedrørande kunstgras og miljø.

For anlegget på Ostereidet gjeldt at det er behov for å vurdere tiltak ut over rehabilitering av sjølve kunstgrasdekket. Mellom anna viser kontrollmålingar utført av ekstern rådgjevar i 2021 at lysanlegget avgjer lysstyrke langt under gjeldande krav. I økonomiplan-vedtaket vart rådmannen pålagt å leggja fram ei eiga sak om kva øvrige tiltak som bør vurderast gjennomført, og kostnadsramme for desse.

Framlegg til prosjektmandatet er utforma for å svara på dette punktet. Vidare er mandatet utforma for å sikra at rehabiliteringa vert utført i tråd med gjeldande standardar, og forskrift vedrørande kunstgras og miljø.

Vedlegg i saken:

03.02.2022	Framlegg prosjektmandat Ostereidet kunstgras	1679498
03.02.2022	Framlegg prosjektmandat Ostereidet kunstgras	1679498

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-614, TI-&46
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Framlegg til investeringsprosjekt - Rehabilitering av tak - Manger - Solhall, søndre del

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek prosjekt rehabilitering av taket på Solhall, Manger - søndre del. Det vert løyvd 4,4 mill inkl.mva til arbeidet, finansiert gjennom auka låneopptak»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Solhallbygget på Manger stod på kommunen sin 4 års vedlikehaldsplan i 2021. Behovet for å skifte taket på søndre fløy var ikkje oppdaga og såleis ikkje ein prioritert del av arbeidet. Gjennom det øvrige arbeidet på bygget oppdaga ein at både yttertak og undertak er prega av slitasje og skader. Det er fleire lekkasjar, og bygningen byrjar få utfordringar med sopp-danning. Tiltaka som trengs for rehabilitering / oppgradering er for omfattande til at dei kan løysast innafor ordinært driftsbudsjett.

Saksopplysninger:

Solhall-bygget på Manger er frå 1984 og består av tre fløyer;

Nordre fløy inneheldt Radøy interkommuale bufellesskap. Skifte av tak på denne fløyen tok til i 2021 og skal vera slutført innan kort tid.

Midtre fløy vart tatt i bruk av Prestmarka barnehage i 2018. Denne fløyen fekk nytt tak i samband med at barnehagen skulle flytta inn.

Søndre fløy er i ettertid pussa opp innvendig og tatt i bruk til storbarnsavdeling for barnehagen hausten 2021. Denne fløyen har framleis tak frå byggjeåret 1984. Hausten 2021 viste det seg at det er stor slitasje på takstein, skader på undertaket, lekkasjar og utfordringar med sopp i etasjen under.

Når lekkasjar oppstår, søker kommunen først å utbetre skader innafor rammene i det ordinære driftsbudsjettet. Det viser seg at det er krevjande å utbetra lekkasjane gjennom vedlikehaldsarbeid, då taksteinen mange stader er så porøs at den går i oppløysing dersom ein forsøker å bevega seg på taket. Vidare er det vass-inntrenging ved alle takhetter på grunn av rust-skader. Det er behov for vesentleg oppgradering, utanfor rammene i driftsbudsjettet.

Vurdering:

Om lag halvparten av den søndre fløyen er nyoppussa og tatt i bruk av barnehagen. Dersom det ikkje vert gjort noko med taket snarast, risikerer ein fuktskadar både i denne delen og resten av fløyen. Dersom dette vert ståande over lenger tid, risikerer ein skade på sjølve tak-konstruksjonen. Dette vil føra til auka kostnad ved rehabilitering.

Fukt-inntrenging over lengre tid vil føra til auka utvikling av muggsopp og kan dermed gå ut over inneklimate for barnehagen.

Forventa levetid for tak som er tekka med takstein er ut frå Byggforsk om lag 40 år. Ut frå taket sin høgde alder, vert det ikkje vurdert formålstenleg å gjera mindre utbetringar. Kommunen vil uansett måtta skifta heile taket innan kort tid. Mindre utbetringar no vil dermed føra til auka kostnad totalt.

Barnehagen har ønske om å samla all sin aktivitet i Solhall. Bygningen er oppført med teglsteinsfasade. Rapport frå vedlikehaldstilsyn i 2021 viser at resten av ytterskalet til bygningen er i svært god stand. Rehabilitering av den siste delen av taket, vil sikra at kommunen vil kunna nyttiggjera seg bygningen i fleire tiår framover.

Å utsetja nytt tak på søndre fløy, vil medføre risiko for fuktskadar og ekstra kostnadar i den nyoppussa avdelinga.

Det er henta inn pris som viser ein kostnad på i omlag 3 millionar ekskl. mva. I tillegg må det påreknast at det kan vera skader på undertak og konstruksjon som ikkje kan oppdagast før etter at takstein er demontert. Ut frå erfaringane frå tilsvarende arbeid på nordre fløy i 2021/22, anslår rådmannen at det er behov for å setje av 10% i usikkerheit i prosjektet.

Det er ei stor føremon å skifta tak i den tørraste årstida, særleg ut frå bruken som barnehage. Prosjektet vert difor tilrådd sett i gang så fort som mogleg innanfor ei ramme på 3 300 000 ekskl. mva.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-200, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Reglement for styring av investeringsprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek *Reglement for styring av investeringsprosjekt, revisjon 01* med dei endringane som er lagt fram i saka»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver kommune har i sak 063/21 vedtatt reglement for styring av investeringsprosjekt. Gjennom politiske framlegg i 2021 har det vore tatt opp muligheten for å gjere presiseringar og utdjujingar knytt til gjennomføringsfase og usikkerheitsavsetning i prosjekta.

Det har blant anna vore ønskeleg med ein fast struktur for saksframlegg der ein bed om auka ramme for å kunne fullføre prosjekta. I sak 137/21 la kommunestyret fram følgande tilleggsframlegg:

Det skal gå fram i saka tidslinje som opplyser om følgande: · Kostnadsramme/løyving for prosjektet då kommunestyret vedtok oppstart. Tilleggsloøyvingar undervegs i prosjektet, når og kva beløp. · Samla avvik frå første kostnadsramme/løyving og fram til no.

Saksopplysninger:

I vedlagte reviderte utgåve av reglementet er det gjort framlegg til endringar slik:

Kap 5.5.2 Sluttrapport (inkl prosjektrekneskap), avsnitt 4

Tekstillegg;

Ved avvik over 10 % frå forprosjekt kan forvaltingsrevisjon nyttast for ytterlegare evaluering og læring.

Kap 5.3.4 Bygging, avsnitt 4:

Tekstillegg;

I nokre tilfelle kan det oppstå situasjonar som krev auke i den økonomiske ramma til prosjektet. Dette kan t.d. vere auka omfang i enkelte delar av prosjektet eller større utføresette hendingar undervegs. Den avsette usikkerheitsposten kan i desse tilfella vere utilstrekkeleg. Ved behov for å auke ramma i prosjektet, må dette gjennomførast ved å fremje eiga sak for formannskap og kommunestyre.

I investeringsprosjekt der det blir bede om tilleggsfinansiering skal rådmannen i saksframlegget legge fram ei økonomisk oversikt for heile prosjektet. Oversikta skal minimum vise:

- *Total kostnadsramme/løyving gitt frå oppstart*
- *Eventuelle tilleggsloøyvingar*
- *Total kostnadsauke sett i høve til opprinneleg ramme*
- *Oversikt over elementa usikkerheitsposten er meint å dekke.*

- *Oversikt over endringar i føresetnadene som gjer at usikkerheitsposten må aukast.*

Punkta over er også lagt til i tabelloversikt som kan brukast i den enkelte sak

Vedlegg i saken:

03.02.2022

Reglement for styring av investeringsprosjekt - rev 01

1684857

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-601, FE-140
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 28.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Innkjøpsstrategi Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkjøpsstrategi for Alver kommune vert vedteke.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Det er utarbeidd framlegg til innkjøpsstrategi for Alver kommune, med prioriterte mål om felles og samordna strategiar for kommunen.

Saksopplysningar:

Strategidokumentet beskriv mål og strategiar for korleis Alver kommune skal bli ein meir profesjonell og samfunnsbevisst innkjøper. Innkjøpsstrategien skal bidra til at kommunen gjennomfører formålseffektive og samfunnsbevisste anskaffingar i tråd med gjeldande lov og regelverk om offentlege anskaffing. Strategidokumentet skal legge føringar for strategiske val på eit overordna nivå, og det vil bli utforma ein handlingsplan som skal underbygge strategien og dei konkrete tiltak i innkjøpsstrategien.

Kommunen har i arbeidet med strategien (og innkjøpsreglementet) og lagt vekt på å stø opp om antikorrupsjonsarbeidet til KS og Transparency Norge, samt intensjonane i FN's bærekraftmål.

Dersom Alver kommune ynskjer meir ambisiøse mål, må det tilførast meir ressursar til eit slik arbeid. Administrasjonen vil leggje til rette for at innkjøpsstrategien kan rullerast/vurderast i kvar valperiode, neste gong 2023-2027.

Tidlegare har alver kommune utarbeidd innkjøpsreglement og etisk reglement. Innkjøpsreglementet skal ikkje handsamast politisk, men er eit administrativt verktøy i sjølve prosessen knytt til innkjøp. Det etiske reglementet er det same som gjeld for politikarane, sjå [Politisk reglement/etiske retningslinjer for Alver kommune](#).

Vedlegg i saken:

03.02.2022	Innkjøpsstrategi Alver kommune 2022-2025	1682046
03.02.2022	Innkjøpsstrategi Alver kommune 2022-2025	1682046

Arkiv: <arkivID><jplID>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/22	Alver formannskap	10.02.2022

Debattheft 2022 – På samme lag

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Spørsmål 1:

Alver kommune ynskjer at den økonomiske ramma i Hovudtariffoppgjeret skal fordelast sentralt for å sikre best likebehandling av kommunal sektor.

Spørsmål 2:

Noverande situasjon og demografisk utvikling tilsvarar at Alver kommune vil møte store utfordringar innan rekruttering av tilsette til helsesektoren. Alver kommune ynskjer difor ei omfordeling med tydelige prioriteringar innan helsesektoren. Stillingene sjukepleiar, vernepleiar og helsefagarbeidar er viktige og bør prioriterast.

Spørsmål 3:

Hovudtariffavtalen er i sin noverande form god og omfattende i høve til både arbeidsgjevars og tilsettes rettar og pliktar. Vi ser to områder som er har eit forbettringspotensiale:

- Kap 1, §5.2: Laurdags og søndagstillegg: For avdelingar som har helgearbeid er dekning av vaktar i helgene ofte ei utfordring. Eit auke av disse tillegga vil ha ein positiv effekt med å gjere disse vaktane meir atraktive og gjøre det lettare for arbeidsgjevar å løyse utfordringar knytt til helgearbeid.
- Kap1. § 10.2: Ytelser etter dødsfall/gruppelivsforsikringer. Forsikringssummane oppleves som noe lave og bør aukast opp.

Spørsmål 4-6.

Alver kommune har ingen spesielle innspel til desse spørsmåla og støttar KS sitt planlagte arbeid i saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

KS ønsker innspill til årets debattheft «På samme lag».

KS inviterar kvart år kommunane og fylkeskommunane til å gje innspel til mandatet for løns- og avtaleforhandlingar og andre dagsaktuelle tema presentert gjennom debattheftet. I år omhandlar heftet spørsmål knytt til prioriteringar i kommande hovudtariffoppgjer og tillitsreforma i offentleg sektor. Innkomne innspel vil samanstilla og takast med i KS sitt vidare arbeid.

Rådmannen legg i denne saka fram problemstillingane i debattheftet til politisk handsaming.

Nye, bærekraftige løysningar for arbeidslivet

Bærekrafta til velferdssamfunnet utfordrast når ein aukande andel av befolkninga ikkje er i arbeid. Det ligg eit

betydeleg arbeidskraftspotensial i mer heiltid, lågare sjukefråvær, redusert utanforskap, lengre yrkesliv for seniorane, kompetanseutvikling og ny oppgavedeling for rett bruk av tilgjengeleg kompetanse, samt auka bruk av digitale løysingar. Trass i dette, er det ei voksande erkjenning av at kommunesektoren aleine korkje vil ha tilgjengeleg kompetanse, kapasitet eller økonomiske rammer til å betjene innbyggerane sine auka og endra behov for tenester. For å nå målet om bærekraftig utvikling, blir det naturleg å etablere samarbeid mellom myndigheiter, næringsliv og sivilsamfunnet i eit mykje større omfang enn vi har sett dei siste tiåra.

I 2022 er det Hovudtariffoppgjer, der det skal forhandlast om både løn og andre arbeidsvilkår. Det er venta at kommunesektoren sine rekrutteringsutfordringar blir eit sentralt tema. Kommunesektoren må fortsette å tilby konkurransedyktige løns- og arbeidsvilkår. Løn aleine vil likevel i liten grad avhjelpe det langsiktige utfordringsbildet kommunane står ovanfor, og framskrivningane viser at rekrutteringsutfordringane gjeld fleire profesjonsgrupper innan helse- og omsorgstenesta.

KS sitt lønssystem baserast på lik garantiløn for alle stillingar med lik utdanningslengde. Dei siste åra før pandemien, blei arbeidstakarar med universitets-/høgskuleutdanning prioritert ved tariffoppgjera. I 2021 vektla KS at *heile laget* i kommunesektoren hadde handtert den ekstraordinære situasjonen, og la opp til breide og samlande lønsmessige tiltak med prosentvise lønstilllegg. I tillegg blei det avsatt ein pott til lokale lønnsforhandlingar, slik at partane lokalt fekk høve til å fordele ut frå lokal lønspolitikk og rekrutteringsutfordringar.

Før partane møtast til forhandlingar i 2022 er om lag to prosent allerede brukt som følge av lønsglidning og høgt overheng. Dersom prognosane for årslønsveksten fra 2021 til 2022 på om lag tre prosent stemmer, vil det kun vere om lag ein prosent disponibelt å forhandle om. Ei slik ramme vil kreve tydelege prioriteringar.

Ei tillitsreform i og ovanfor kommunesektoren

Regjeringa har varsla ei tillitsreform i offentleg sektor. Reforma handlar om å gje dei tilsette tid og tillit til å gje brukarane betre tenester, og ho skal utformast i tett samspel med brukarorganisasjoner, tillitsvalde og leiinga i store offentlege verksemdar. På same tid vil regjeringa gje større friheit til kommunale og regionale myndigheiter, som de viktigaste tenesteytarane.

Tillit til og samarbeid med medarbeidarar er grunnleggjende i den norske leiingsmodellen. Det er medarbeidarane, gjerne saman med brukarar som er tettast på problemstillingane og dermed løysingane. Tillit handlar om at medarbeidarar opplever autonomi og handlingsrom gjennom å jobbe sjølvstendig, innanfor rammer satt av leiinga. God leiing i kommunal sektor er avgjerende for å skape gode tenester til innbyggerane.

Tilliten må balanserast med kontroll. Kommunestyret og fylkestinget har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunane og fylkeskommunen si verksemd. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter følgast. God internkontroll bidreg i tillegg til at vedteken politikk blir gjennomført, at tenestene er av god kvalitet og at ressursane brukast effektivt og riktig. Godt internkontrollarbeid gjer tillit og tryggleik for både leiarar og medarbeidarar og er viktig for tilliten til kommunesektoren og lokaldemokratiet.

Tilliten til kommunar og fylkeskommunar er også betinga av at omsyn til etikk, rettstryggleik og åpenheit ivaretakast, og at ein responderar og leverer på innbyggerane sine behov og forventningar. Tilfredsheit med offentlege tenester betyr mykje for befolkinga si tillit i Norge, men også høg utdanning, høg organisasjonsgrad og høg valgdeltaking har positiv effekt på tillit i samfunnet.

Staten stiller detaljerte krav til korleis kommunane skal arbeide, og definerer konkrete plikter og rettigheter som skal oppfyllest. Det skapar dokumentasjons- og rapporteringsbehov som den enkelte tilsette til slutt må bruke tid på. Mindre statleg detaljstyring og meir tillitsbasert rammestyring av kommunane, som er dei tilsette sine arbeidsgjevarar, vil redusere tidsbruk på kontroll, rapportering og tilsyn og gje meir tid til å levere tenester til innbyggerane.

Kommunelova har sidan 1992 bidrege til eit meir samordna og heilskapleg rettsleg rammeverk for verksemda i kommunesektoren. Ei tillitsreform i offentleg sektor bør ikkje bidra til å styrke bånd mellom dei statlege og kommunale sektorinteressene, men heller stimulere til meir samordna utvikling og gjennomføring av politikk, også på tvers av forvaltningsnivåa.

KS kan bidra både som interessepolitisk aktør og utviklingspartner i det lokale arbeidet med tillit i og til kommunesektoren.

Seks spørsmål KS ønsker å få klargjort

1. Bør den begrensa økonomiske ramma i Hovudtariffoppgjeret fordelast sentralt, eller bør den forhandlast lokalt, ut frå lokale behov?

Svar frå Alver kommune

2. Hvis ramma fordelast sentralt; bør KS søkje å gje alle arbeidstakarar med sentral lønsdanning ei så god, generell lønsutvikling som mogeleg, eller ønskast ei omfordeling med tydelegare opprioritering av einskilde stillingsgrupper framfor andre? I så fall kva grupper?
3. Kva andre endringar i Hovudtariffavtala bør prioriterast?

4. Kva vil kommunen/fylkeskommunen sjølv ha mest merksemd på i ei tillitsreform, i eigen organisasjon og ovanfor lokalsamfunnet?
5. Kva bør KS som interessepolitisk aktør ha mest merksemd på i utforminga av ei tillitsreform i og ovanfor kommunesektoren?
6. Kva bør eventuelt KS bidra med som utviklingspartner for kommunane/fylkeskommunane i gjennomføringa av ei tillitsreform lokalt?

Debattheftet 2022 er vedlagt saka.

Vedlegg i saken:

03.02.2022	Debatthefte 2022 -På samme lag	1686126
03.02.2022	Debatthefte 2022 -På samme lag	1686126

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-034
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/22	Utval for helse og omsorg	08.02.2022
016/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.02.2022
024/22	Utval for areal, plan og miljø	09.02.2022
004/22	Utval for næringutvikling og drift	09.02.2022
018/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Strøyming av møte i politiske styringsgrupper

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta strøymast
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta ikkje strøymast.
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg, utval for næringsutvikling og drift, utval for areal, plan og miljø,
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Kva saka gjeld:

- I denne saka skal politisk nivå vurdere om møte i politiske styringsgrupper skal strøymast på lik line med ordinære møter i utvala.

Saksutgreiing

Bakgrunn og fakta

Alle planar, utviklingsprosjekt og investeringsprosjekt med politisk styring skal vere prosjektorganisert med ei politisk styringsgruppe. Det er reglement for politisk styringsstruktur som definerer kva politisk utval som skal vere politisk styringsgruppe.

I sak 15/21 vedtok kommunestyret i Alver at alle ordinære utvalsmøte og kommunestyremøte normalt skal strøymast.

Ettersom utvala også trer saman som politisk styringsgruppe i ulike planar og prosjekt, er det kome spørsmål om møta i politiske styringsgrupper skal strøymast på lik line med dei ordinære utvalsmøta.

Vurdering

I rolla som politisk styringsgruppe skal dei politiske utvala drøfte og vedta prinsipp, rammer og avgrensing som er styrande for definerte prosjekt og planar. Styringsgruppene skal i hovudsak ta avgjerder ved definerte faseovergangar, men kan også ta avgjerd undervegs i prosessen som er styrande for vidare arbeid. I større investeringsprosjekt og planarbeid er det ofte behov for at styringsgruppene er samla for å vurdere ulike problemstillingar og vegval, utan at de blir tatt avgjerd. Dette er møte som har ein meir uformell karakter og føremålet er å ha dialog og arbeide saman.

For å tydeleggjere styringsgruppene si rolle og arbeidsform ser rådmannen behov for å skilje mellom vedtaksmøte og arbeidsmøte. Dette vil bli tydeleggjort i eit eige orienteringsnotat til formannskapet sitt møte 10. februar 2022. I vedtaksmøte har dei politiske utvala i prinsippet den same rolla som i ordinære møte, berre at vedtaka omhandlar eit konkret prosjekt eller ein plan. Rådmannen anbefaler at desse møta blir strøyma på lik line med ordinære utvalsmøte. Når politiske styringsgrupper har arbeidsmøte vil forma og dialogen ofte vere annleis enn i vedtaksmøta, og det vil ikkje bli lagt opp til at styringsgruppa skal gjere vedtak. Rådmannen anbefaler derfor at arbeidsmøta ikkje blir strøyma.

I innkalling til møte i politiske styringsgrupper vil det kome klart fram om det er eit arbeidsmøte eller eit vedtaksmøte. Det vil også vere mogleg å ha arbeidsmøte og vedtaksmøte i same styringsgruppemøte, men dette vil bli presisert i innkalling og førebuing til møtet. Og prinsippet om kva som skal strøymast vil gjelde på same måte.

Rådmannen si tilråding:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta strøymast.
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta ikkje strøymast.
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/22	Alver formannskap	10.02.2022
	Alver kommunestyre	

Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune

Framlegg til vedtak:

Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune vert endra frå rådmann til kommunedirektør frå 1. mars 2022.

Rådmannen får fullmakt til å avgjere endring av tittel for assisterande rådmann frå same tidspunkt.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

I ny kommunelov, som i hovudsak trådde i kraft ved oppstart av valperioden 2019-2023, vert tittelen kommunedirektør brukt om kommunen sin øvste administrative leiar.

Formålet med endringa av tittelen, var å sikre en god kjønnsnøytral tittel. Kommunedirektør er ikkje ein obligatorisk tittel, men departementet har oppmoda kommunane til å bruke den kjønnsnøytrale tittelen som lova brukar på kommunen sin øvste administrative leiar.

Vurdering

I utviklingssamtalen mellom rådmann og folkevalde løfta rådmannen spørsmål om å endre stillingstittel frå rådmann til kommunedirektør. I oppfølgingspunkta frå utviklingssamtalen vart ein einig om at det vert fremja sak til formannskapet og kommunestyret om å endre tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune frå rådmann til kommunedirektør.

Sidan den nye kommunelova vart innført, har fleire og fleire kommunar vald å endre tittel på øvste administrative leiar frå rådmann til kommunedirektør. Av kommunane som høyrer til Region Nordhordland har Vaksdal, Gulen, Austrheim og Fedje endra tittel, og i Bergensregionen har Bjørnafjorden, Øygarden og Askøy endra tittel frå rådmann til kommunedirektør.

Omgrepet kommunedirektør har etter kvart festa seg, og departementa og andre statlege organ brukar kommunedirektør når dei omtalar den øvste leiaren i kommuneadministrasjonen.

Det er difor naturleg at Alver kommune vurderer å endre tittel frå rådmann til kommunedirektør.

Ved endring av tittel frå rådmann til kommunedirektør vil det òg vere naturleg å endre tittelen for assisterande rådmann. Det vert foreslått at rådmannen får fullmakt til å endre tittel frå same tidspunkt.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/22	Alver formannskap	10.02.2022

Melding/orientering til formannskapet 10.02.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskap

Meldingar/orienteringar:

- Vindkraft asfalt, orientering i starten av møtet
- Protokoll Regionrådet 01.12.2021 med vedlegg
- Investeringar, orientering i møtet
- Økonomi, orientering i møtet
- Evt. sal av Kvassnesvegen 29/39 (gamle Western geco) og gamle Alversund skule, orientering i møtet
- Notat: Status Bressvikasaken Uoff.jf.off.lova §18
- Notat: rolle og arbeidsform for politiske styringsgrupper
- Notat: rekruttering næring
- Notat: status forureining Hjelmås, dekkdeponi
- Prosjektmandat heiltidskultur Alver, vedlegg
- Lønnsjustering rådmann, vedlegg

Vedlegg i saken:

24.01.2022	Protokoll Regionrådet 4-2021, 1. desember (L)(582457)	1679093
24.01.2022	Protokoll Regionrådet 4-2021, 1. desember (L)(582457)	1679093
03.02.2022	Sak 35-21. Digital samkonsultasjon_Prosjektskisse 2022 - 2024 (L)(582458)	1679094
03.02.2022	Sak 35-21. Digital samkonsultasjon_Prosjektskisse 2022 - 2024 (L)(582458)	1679094
24.01.2022	Sak 35-21. Etablering av Helsefellesskap og Digital samkons_Orientering til RR 01.12.21 (L)(582459)	1679095
24.01.2022	Sak 35-21. Etablering av Helsefellesskap og Digital samkons_Orientering til RR 01.12.21 (L)(582459)	1679095
24.01.2022	Sak 36-21. Invest in Bergen (L)(582460)	1679096
24.01.2022	Sak 36-21. Invest in Bergen (L)(582460)	1679096
24.01.2022	Sak 40-21. IKP sjø Regionråd 01.12.2021 - status (L)(582461)	1679097
24.01.2022	Sak 40-21. IKP sjø Regionråd 01.12.2021 - status (L)(582461)	1679097

24.01.2022	Sak 41-21. Handverksruta_Regionrådet 01.12.2021 (L)(582462)	1679098
24.01.2022	Sak 41-21. Handverksruta_Regionrådet 01.12.2021 (L)(582462)	1679098
24.01.2022	Sak 41-21. Status Nordhordland Unesco biosfære (L)(582463)	1679099
24.01.2022	Sak 41-21. Status Nordhordland Unesco biosfære (L)(582463)	1679099
03.02.2022	Notat til formannskapet om status i Bressvikasaken u.off.	1685565
03.02.2022	Notat til formannskapet om status i Bressvikasaken u.off.	1685565
03.02.2022	Orienteringsnotat_rolle og arbeidsform for politiske styringsgrupper	1685566
03.02.2022	Orienteringsnotat_rolle og arbeidsform for politiske styringsgrupper	1685566
03.02.2022	Orienteringsnotat_rekruttering næring2	1685567
03.02.2022	Orienteringsnotat_rekruttering næring2	1685567
03.02.2022	Prosjektmandat heltidskultur Alver 31.01.22	1685574
03.02.2022	Prosjektmandat heltidskultur Alver 31.01.22	1685574
03.02.2022	Orienteringsnotat - dekkdeponi Hjelmås - status pr januar '22	1685941
03.02.2022	Orienteringsnotat - dekkdeponi Hjelmås - status pr januar '22	1685941
03.02.2022	Lønsjustering rådmann	1685942
03.02.2022	Lønsjustering rådmann	1685942